

Helse Vest RHF (regionalt helseføretak) har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Helse Vest RHF eig fem helseføretak; Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Stavanger og Apoteka Vest. Helseføretaka har om lag 21 000 medarbeidarar. Spesialisthelsetenesta i regionen omfattar 45 sjukehus og institusjonar, og skal gi helsetenester til rundt 920 000 innbyggjarar. Driftsbudsjettet for 2004 er på vel 12 milliardar kroner.

Innhold

	side
KVALITET OG TRYGGLEIK FOR PASIENTEN	3
EIN KVARDAG FULL AV AKTIVITETAR	4
STYRET OG LEIINGA I HELSE VEST RHF	6
HELSE VEST I 2003	8
ÅRSMELDING 2003	11
REKNESKAP	23
REVISJONSMELDING	37

KVALITET OG TRYGGLEIK FOR PASIENTEN

Helsetenesta er til for innbyggjarane – og vår jobb er å skaffe det best moglege helsetilbodet.



Som brukar og pårørande ventar vi alle at tilbodet er på plass – og at det fungerer godt – den dagen vi treng spesialisthelsetenester. Det gjeld både den akuttmedisinske kjeda og den planlagte behandlinga.

Ventetid og kvalitet er viktige stikkord. Difor har dette vore prioriterte oppgåver i 2003, og område vi jobbar vidare med å utvikle.

Ventetida skal ned

Helse Vest legg mykje arbeid i å betre kvaliteten på tilbodet. Det inneber mellom anna at vi arbeider for å redusere ventetidene slik at det skal gå kortast mogleg tid frå pasienten får beskjed om at han treng sjukehusbehandling og til behandlinga faktisk finn stad. Altfor mange ventar enno altfor lenge på å få den behandlinga dei treng – ofte med ein vanskeleg og smertefull kvardag som resultat.

Å redusere ventetida er difor viktig for oss. Då vi starta opp i januar 2002 var den gjennomsnittlege ventetida 215 dagar; ved utgangen av 2003 var talet 128 dagar. Og vi jobbar stadig vidare med å korte ned tida pasienten må vente.

Måler utviklinga

Jamleg måler vi korleis sjukehusa utfører oppgåvene sine. Det er difor plukka ut nokre område som vi meiner er særleg viktige for kvaliteten, såkalla indikatorar. Innanfor desse områda måler vi utviklinga slik at vi kan følgje med på kva retning vi går i og slik at dei sjukehusa som kjem dårleg ut, kan betre resultatet sitt.

For å sikre at kvaliteten på tilbodet er så god som råd er, konsentrerer vi kompetansen innanfor dei mest spesialiserte områda på færre einingar.

Gode døme på dette har vi frå delar av kreftbehandlinga. For tjukktarms- og endetarmskreft viser resultatane at det er vesentleg fleire pasientar som overlever og blir friske når desse inngrepa blir utførte på sjukehus der personellet jamleg utfører denne typen operasjonar. Denne tenkinga bryt med den tradisjonelle tanken om at alle sjukehus er like dyktige til å behandle alle slags diagnosar. Vår jobb er å vere ambisiøse på vegne av pasienten. Difor måler vi resultatane og følgjer nøye med på utviklinga. Slik kan vi utvikle ein høgare grad av kvalitet for pasientane.

Hjelp til barn og unge

Utviklinga av tilbodet til menneske med psykiske lidingar er eit satsingsområde. Vi ser ei positiv utvikling innan barne- og ungdomspsykiatrien. Fleire barn og unge får hjelp, sjølv om vi likevel har ein for låg dekningsgrad. Innan vaksenpsykiatrien ser vi at tenestetilbodet blir meir desentralisert.

Dei viktigaste arbeidsoppgåvene våre ligg fast. Vi skal prioritere pasientbehandling, utdanning av helsepersonell, forskning og utvikling av medisinsk praksis, pleie og kompetanse. I tillegg skal vi drive med førebyggjande helsearbeid og lære opp pasientar og pårørande. Kvar for seg er dette store og viktige oppgåver, som i sum vil gi pasientar og pårørande ein betre kvalitet og ei oppleving av at forholda blir lagt betre til rette for dei.


Mai Vik
Styreleiar

EIN KVARDAG FULL AV AKTIVITETAR



Helse Stavanger sitt TIPS-prosjekt (Tidlig intervensjon og behandling av psykose) fekk i 2003 ein 2. premie i konkurransen om Det nytter-prisen. 1. amanuensis dr.med. Tor K. Larsen står sentralt i prosjektet.

Lærings- og meistringssenteret i Helse Fonna var det første av sitt slag i Helseregion Vest. Her kjem blant anna kols-pasientar saman for å sjonjone og lære meir om sjukdommen sin.

Helse Stavanger

Helse Stavanger har ansvaret for spesialisthelsetenesta i det sørlege Rogaland. Helseføretaket er organisert i ni klinikkar og med tre stabs- og serviceeiningar.

Styreleiar i Helse Stavanger er Steinar Olsen. Administrerande direktør er Gunnar Hall Skavoll. Føretaksleiinga er lokalisert til Stavanger.

Helse Fonna

Helse Fonna har sitt hovudsete i Haugesund og skal gi spesialisthelsetenester til innbyggjarane i Nord-Rogaland og Sunnhordland. Styreleiar i Helse Fonna er Geir Worum og Johannes Kolnes er administrerande direktør.

	2003	2002	2003	2002
Folketal	290 000	290 000	163 000	163 100
Tilsette per 31. desember	4 542	4 752	2 951	2 941
Driftsbudsjett (i heile 1 000 kroner)	2 513 036	2 257 981	1 469 764	1 379 289
Somatikk:				
DRG-produksjon (innsatsstyrt finansiering)	49 045	42 130	27 065	25 456
Sjukehusopphald, akutt hjelp	28 822	28 758	19 451	19 012
Dagopphald/dagkirurgi, akutt hjelp	1 903	1 725	48	Ikke spesifisert
Sjukehusopphald, planlagt behandling	10 569	7 865	5 425	4 822
Dagopphald/dagkirurgi, planlagt behandling	20 976	17 145	11 028	10 019
Polikliniske konsultasjonar	144 337	139 387	85 738	81 491
Psykatri:				
Opphaldsdøgn	111 995	120 349	87 911	83 689
Opphaldsdagar, dagpasientar	27 672	20 406	8 128	7 321
Polikliniske konsultasjonar	52 202	44 730	34 006	27 925





I 2003 blei reinhaldsavdelinga i Helse Bergen premiert med to prisar for nærast å ha halvert sjukefråveret i avdelinga.



Sentralsjukehuset i Førde er det einaste sjukehuset i regionen som opererer pasientar for sjukleg overvekt.



I laboratoria til sjukehusapoteka i vest skreddarsyr apoteknikarane medisin til blant anna kreftpasientar.



Helse Bergen

Helse Bergen administrerer sjukehus og institusjonar i Midt- og Nord-Hordaland.

I Helse Bergen er Finn A. Strand styreleiar og Anne K. Bogsnes administrerande direktør. Føretaksleiinga held til ved Haukeland Universitetssjukehus i Bergen.

Helse Førde

Helse Førde har ansvar for spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane. Styreleiar i Helse Førde er Tore Thorsnes. Ingar Valvik er konstituert administrerande direktør. Jan Bolstad er tilsett som administrerande direktør frå 1. august 2004. Føretaksleiinga held til ved Førde sentralsjukehus.

Apoteka Vest

Apoteka Vest administrerer sjukehusapoteka i Helse Vest og omfattar sjukehusapoteka i Stavanger, Haugesund, Bergen og Førde. Berit Tvedt er styreleiar for Apoteka Vest, mens administrerande direktør er Johan Fredrik Bøschen Sandal. Føretaksleiinga held til ved Haukeland Universitetssjukehus i Bergen.

2003	2002	2003	2002	2003	2002
370 000	367 000	107 000	107 000		
6 957	7 851	2 106	2 015	186	180
4 473 965	4 076 544	1 174 188	1 115 576	397 000 000	351 000 000
				<i>Driftskostnader:</i>	
77 746	75 122	21 630	20 501	391 000 000	346 000 000
35 237	38 225	13 230	12 622	<i>Årsresultat:</i>	
3 332	49 832	0	0	6 000 000	5 000 000
26 903		7 220	6 776	<i>Eigenkapital:</i>	
26 777		5 992	5 153	22 000 000	16 000 000
247 643	228 385	92 678	90 339	<i>Totalkapital:</i>	
				87 000 000	79 000 000
140 980	143 395	31 080	21 951		
12 574	8 861	1 722	2 472		
46 378	40 939	16 335	15 217		

STYRET OG LEINGA I HELSE VEST RHF



[6]

Styret i Helse Vest RHF




Mai Vik
Styreleiar.
Seniorkonsulent
ved Administrativt
Forskningsfond
(AFF) i Bergen.



Arne Norheim
Nestleiar.
Sjølvtendig
næringsdrivande.
Tidlegare
administrerande
direktør i mellom
anna SR-bank.



Per Hanasand
Kommunaldirektør,
økonomi og
administrasjon,
Sandnes kommune



**Gerd Kjellaug
Berge**
Direktør ved Selje
hotell.
Visepresident i
NHO.



Anni Felde
Helse- og sosialsjef
i Gloppen
kommune.



Ingunn Finne
Anestesisjukepleiar,
hovudverneombod
i Helse Bergen.




Aslaug Husa
Hovudtillitsvalt i
Norsk Helse- og
Sosialforbund i
Rogaland.



Jon Lekven
Professor ved
Universitetet i
Bergen.



Øyvind Watne
Overlege ved
Psykiatrisk klinikk
ved Førde
sentralsjukehus.
Hovud- og
føretakstillitsvalt.



[7]

Leiargruppa i Helse Vest RHF



Herlof Nilssen
Administrerende direktør. Tidlegare rådmann i Sveio kommune og Randaberg kommune og administrerende direktør i Haga Nor.



Helge Bryne
Viseadministrerende direktør. Tidlegare fylkeshelsesjef og fylkesdirektør for Helse- og sosialområdet i Rogaland fylkeskommune.



Hilde Christiansen
Personal- og organisasjonsdirektør. Tidlegare prosjektdirektør i Peder Smedvig AS og konserndirektør i Scana Industrier asa.



Per Karlsen
Økonomi- og finansdirektør. Tidlegare budsjettsjef og økonomisjef i Sandnes kommune.



Åsmund Norheim
Administrasjonsdirektør. Tidlegare rådmann i Sola kommune og førstestatsadvokat i Rogaland.



Bjørg Sandal
Informasjonsdirektør. Tidlegare informasjonssjef i Phillips Petroleum og statssekretær i Olje- og energidepartementet.

HELSE VEST I 2003



[8]

Januar

Helse Vest delte ut over 5 millionar kroner til brukar- og pasientorganisasjonar for 2003. 87 organisasjonar fekk økonomisk støtte. Midlar gjekk til drift eller spesielle prosjekt som organisasjonane driv.

Helse Vest valde Statoil Norge AS som eineleverandør av elektrisk kraft for 2003. Avtalen omfatta kraftkjøp for 150 millionar kroner per år. Helse Vest reknar med å spare i overkant av 20 millionar kroner i året.

Februar

Styret i Helse Vest behandla dei overordna prinsippa for utvikling og fordeling av dei akuttmedisinske funksjonane i regionen.

Postlistene blei tilgjengelege også på nettstaden til Helse Vest.

Mars

Resultata frå den første pasientundersøkinga PasOpp (pasientopplevingar i norske sjukehus) kom. Pasientane i Helseregion Vest var jamt over svært nøgde med opphaldet på dei somatiske sjukehusa i regionen. Mest nøgde var dei med sjukepleietenesta og måten pårørande blei tatt vare på.

Barne- og ungdomspsykiatrien i helseregionen fekk eit ekstra tilskot på nesten 13 millionar kroner for 2003.

April

Styret i Helse Vest vedtok eit konsernbudsjett for 2003 på totalt 11,4 milliardar kroner.

Helse Førde fekk regionfunksjonen innan kirurgisk behandling av sjukleg overvekt. Det inneber at alle såkalla fedmeoperasjonar i Helse Vest skal utførast ved Førde sentralsjukehus.

Helseregionane Helse Aust, Helse Sør og Helse Vest inngår ei ny hotellavtale og sparer til saman rundt 20 millionar kroner årleg i overnattingskostnader.

Mai

Helseminister Dagfinn Høybråten opna den nye nasjonale telefon- og internetttenesta Fritt sjukehusval (www.sykehusvalg.net).

Helse Vest fekk resultata frå PasOpp-undersøking nummer to. Pasientane opplevde standarden på dei somatiske poliklinikkane som god og sjukehuspersonalet som høfleg og imøtekommande, men informasjonen til pasientane var ikkje alltid god nok.

Ny innkjøpsordning blei vedtatt av styret i Helse Vest. Sjukehusa i regionen skal gjere mange innkjøp i fellesskap. På den måten oppnår ein stordriftsfordelar. Pengane ein sparer skal brukast til betre og fleire helsetenester.

Norsk Pasientregister presenterte tal som viser at pasientane i Helseregion Vest i gjennomsnitt venta sju dagar mindre på behandling første tertial i 2003 samanlikna med siste tertial året før.



Juni

Styret i Helse Vest vedtok strukturelle endringar i akuttfunksjonar og fødetilbodet. Fødeavdelinga i Lærdal blei omgjort til forsterka fødestove og eksisterande kirurgisk og indremedisinsk aktivitet ved sjukehusavdelinga i Florø blei flytta til andre sjukehus i Helse Førde. Nærssjukehus skal etablerast i Florø.

Helse Vest sette i gong eit regionomspennande prosjekt for å redusere sjukefråværet. For å finne fram til kva som pregar kvardagen til medarbeidarane, blei det gjennomført ei omfattande medarbeidarundersøking.

Som første region publiserte Helse Vest kvalitetsresultata sine på nettet.

Per Hanasand, kommunaldirektør i Sandnes kommune, erstatta Steinar Andersen som styremedlem i Helse Vest.

August

Dialogmøte i Florø og Lærdal i samband med dei planlagde omleggingane.

September

Den tredje PasOpp-undersøkinga viste at dei fleste psykiatriske pasientane som fekk poliklinisk behandling i regionen, var godt nøgde med behandlinga. Helse Førde var det helseføretaket som kom best ut.

Oktober

Helse Vest arrangerte Den regionale forskingskonferansen 2003 på Solstrand utanfor Bergen. Det var første gongen konferansen blei arrangert og det blei delt ut to prisar for framragande forskning og fagleg nybrottsarbeid.

Forslaget til statsbudsjett blir lagt fram. Det ber tydeleg bod om at den økonomiske situasjonen for helseføretaka i vest framleis blir svært krevjande.

November

Styret i Helse Vest vedtok å utvide regionen sitt tilbod om pci-behandling (perkutan coronar intervensjon) ved akutt hjerteinfarkt.

Talet på korridorpasientar innan psykiatrien blei kraftig redusert i regionen. Det var også vesentleg mindre overbelegg ved dei psykiatriske institusjonane no samanlikna med same periode i fjor. Det viste tal for tredje kvartal 2003.

Desember

Samarbeidsorganet mellom Universitetet i Bergen og Helse Vest fordelte 55 millionar kroner i forskingsmidlar for 2004. 16 millionar meir enn året før.

“Helsetenestene skal medverke til god helse, livskvalitet og fremje pasientane si eigen meistring”



ÅRSMELDING 2003

Helse Vest har det overordna ansvaret for at oppgåvene til helseføretaka i Helseregion Vest blir løyste i samsvar med helsepolitiske målsettingar og prioriteringar innanfor dei økonomiske rammene og ressursane Helse Vest disponerer.

Oppgåvene skal løysast på ein måte som sikrar pasientane trygg, effektiv og likeverdig behandling av høg kvalitet. Helsetenestene skal medverke til god helse, livskvalitet og fremje pasientane si eigen meistring.

Ser ein året 2003 under eitt kan ein konstatere at det er behandla fleire pasientar enn nokon gong, samtidig som ventetida er vesentleg redusert. Gjennom kvalitetsmålingar og pasientundersøkingar har Helse Vest sett i gang eit systematisk arbeid med å dokumentere og betre kvaliteten i helsetenestene. Forsking og utvikling har vore eit prioritert område gjennom heile 2003. Dette har vist seg mellom anna i auka midlar til forskingsprosjekt og auka forskingsaktivitet i regionen.

Føretaksgruppa har eit venta underskot for 2003 på cirka 870 millionar kroner. 350 millionar er knytt til auka avskrivningar (opningsbalansen) og om lag 250 millionar i meirutgifter til lønn.

Selskapsstruktur og eigarforhold

Helse Vest RHF er 100 prosent statleg eigd. Føretaksmøtet er det øvste organet i Helse Vest RHF. Både Helse Vest RHF og dotterføretaka har egne styre. Dotterføretaka driv dei offentleg eigde sjukehusa, tilhøyrande institusjonar og sjukehusapotek i sine geografiske område. Leiinga for føretaksgruppa held til på Forus i Sandnes kommune. Dotterføretaka er lokalisert med sin hovudadministrasjon i Stavanger (Helse

Stavanger), Haugesund (Helse Fonna), Bergen (Helse Bergen og Apoteka Vest) og Førde (Helse Førde).

Helse Vest RHF hadde per 31. desember 2003 driftsavtaler med rundt 300 privatpraktiserande spesialistar. Desse fikk driftstilskot frå Helse Vest RHF. I tillegg hadde det regionale helseføretaket driftsavtale med åtte private ideelle sjukehus og institusjonar. For å auke kapasiteten innanfor område der det er lang ventetid, er det inngått avtaler om dagkirurgi med elleve private spesialistar og fire private og kommersielle klinikkar og sjukehus.

Verksemd og formål



Helse Vest RHF har det overordna styringsansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Helsedepartementet regulerer målsettingar og forventningar gjennom eit årleg styringsdokument.

Helse Vest RHF har også ei eigar- og leiarrolle i forhold til dei fem dotterføretaka i regionen. Eit årleg styringsdokument regulerer forholdet mellom det regionale føretaket og dotterføretaka. Styringsdokumentet skisserer prioriteringar og legg føringar for kva oppgåver dotterføretaka skal ta for seg.

Styret har i sitt arbeid vore særleg opptatt av sjukehusa og institusjonane sine hovudoppgåver:

- pasientbehandling
- utdanning av helsepersonell
- forskning
- utvikling av medisinsk praksis, pleie og kompetanse
- førebyggjande helsearbeid
- opplæring av pasientar og pårørande





Målsettingane med aktiviteten er å hjelpe innbyggjarane i helseregionen til god helse lengst mogleg og kunne ha eit best mogleg liv sjølv med kroniske sjukdommar og funksjonshemmingar.

Kvalitet

God kvalitet på helsetenestene er utgangspunktet for nærast all verksemd i Helse Vest. Difor er det viktig å måle kvaliteten på tenestene. Dette skjer mellom anna ved systematisk rapportering på ei rekkje kvalitetsindikatorar og via omfattande brukarundersøkingar der pasientane får seie si meining om helsetilbodet. Desse tilbakemeldingane og resultatane av kvalitetsmålingane er offentleg tilgjengeleg, mellom anna på nettsidene, og blir brukt av sjukehusa og institusjonane i det interne utviklingsarbeidet.

Forsking

Forsking er grunnleggjande viktig fordi det gir pasienten eit betre behandlingstilbod. Forsking styrkar kompetansen i institusjonane. I tillegg vil eit miljø som driv utstrakt forskning ha lettare for å tiltrekke seg dei beste fagfolka. Styret er nøgd med forskingsaktiviteten og kvalitetsarbeidet i helseføretaka, og understrekar at dette er område det vil vere fokus på også i framtida.

Ventetid

Eitt av Helse Vest sine viktigaste mål, både i 2002 og 2003, har vore å redusere ventetida for utredning og behandling. Pasientar som fekk behandling ved utgangen av 2003 (tredje tertial), hadde venta i gjennomsnitt 86 dagar mot eit gjennomsnitt på 93 for same periode i 2002. Det er ein nedgong på 7,5 prosent.

Tala viser òg at det ved utgangen av 2003 sto knappe 41 000 pasientar på venteliste i helseregionen. Dette er ein nedgong på 7,4 prosent i høve til året før.

Ventelistene blei òg vesentleg reduserte for dei som venta lengst på behandling. Talet på pasientar som hadde venta meir enn eit år, gjekk ned med 48,3 prosent frå 2002 til 2003.

Utviklinga går i riktig retning, men styret ventar ein ytterlegare nedgong i tida som kjem.

Korridorpasientar


Ei anna målsetting er at sjukehusa i regelen ikkje skal ha korridorpasientar. Dette betyr at pasientar ikkje skal plasserast i korridorar, bad, daglegstove eller liknande. I fjerde kvartal 2003 låg det i gjennomsnitt 56 pasientar på korridor per døgn i somatiske sjukehus og 14 i dei psykiatriske institusjonane i helseregionen. (Helse Bergen er ikkje medrekna i talet for somatikk.) Styret ser det som ei vesentleg utfordring å nå målet om at korridor som hovudregel ikkje skal nyttast som pasientrom.

Arbeidsmiljø

Føretaksgruppa hadde per 31. desember om lag 21 000 medarbeidarar. Dette inkluderer også vikarar og andre mellombels tilsette.

Sjukefråværet i føretaksgruppa var 7,8 prosent for 2003, totalt 279 166 fråværsdagar. Regionen sitt samla sjukefråvær er vesentleg og Helse Vest sette difor i gang eit regionomspennande arbeid for å få ned sjukefråværet. Blant anna blei det i 2003 gjennomført ei medarbeidarundersøking i helseføretaka Helse Stavanger, Helse Bergen, Helse Førde og Apoteka Vest for å finne grunnane til problema. Kartlegginga skal munne ut i konkrete tiltak for å få ned sjukefråværet og for å betre arbeidstilhøva.

Det blei innrapportert 2843 skadar i føretaksgruppa for 2003. Hovudmengda av skadane er truslar eller vald mot personell innan psykiatrien.



I helseføretaka arbeider ein systematisk med helse-, miljø- og tryggleiksspørsmål for å redusere både sjukefråvær og talet på uønska hendingar. Alle helseføretaka har inngått avtale om eit inkluderande arbeidsliv.

Likestilling

Helseføretak og sjukehus er kvinne-dominerte arbeidsplassar. Om lag tre fjerdedelar av dei tilsette ved sjukehusa og institusjonane i helseregionen er kvinner. Innan enkelte yrkesgrupper er kvinne-delen spesielt stor, mellom anna blant sjukepleiarar, hjelpepleiarar og reinhaldspersonale. Blant legar er situasjonen motsett.

Sjølv om kvinner er overrepresenterte på desse arbeidsplassane, finn ein likevel ikkje overrepresentasjon av kvinner i leiande stillingar. Helseføretaka skal arbeide aktivt med likestillingstiltak, mellom anna i samband med lønnsforhandlingar, rekruttering og i planlegginga av arbeidsturnus. Fleirtalet av medarbeidarane som arbeider deltid i helseføretaka er pleiepersonell i turnusstillingar.

Det er store lønnskilnader mellom dei ulike yrkesgruppene i helseføretaka. Men dersom ein samanliknar lønnsnivå for menn og kvinner i same yrkesgruppe, er det vanskeleg å sjå større ulikskap.

Helse Vest utførte i 2003 ei medarbeidarundersøking for å kartlegge kor mange og kven som arbeider deltid, lønnskilnader og andre moglege likestillingsutfordringar. Kartlegginga skal dokumentere problemområde og nyttast i det interne utviklingsarbeidet.

Styret understrekar at tilsette i helseføretaka i regionen har, og skal ha, like moglegheiter uavhengig

av kjønn. Helse Vest ønskjer òg å leggje til rette for individuelle løysingar slik at arbeidssituasjonen for medarbeidarane i størst mogleg grad skal vere tilpassa den enkelte.

Ytre miljø

Drift av helseføretaka krev stor tilgang på vatn og energi. Tiltak er sett i verk for å redusere belastninga på miljøet så langt det er mogleg. All avfallshandtering føregår i samsvar med krav og forskrifter.

Rekneskapan

Helsedepartementet har ikkje sett noko krav til resultat for 2003. For 2004 vil regionane truleg bli målt på resultat etter at avskrivningar utover det Helsedepartementet hadde lagt til grunn, er trekt frå.


Resultatet for konsernet viser eit underskot på til saman kr 872 845 692. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit underskot på kr 1 403 487 939. I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei nedskrivning på eigardel i helseføretaka på kr 1 461 897 885 som svarer til underskota i helseføretaka for åra 2002 og 2003. Nedskrivninga er ført tilbake i konsernrekneskapan slik at ikkje underskota blir tatt med to gonger.

Styret vil påpeike at kvaliteten på rekneskapsarbeidet for 2003 er betra vesentleg i forhold til 2002.

Sjå elles under merknad vedkommande opningsbalansen.

Finansiell stilling

I følgje det regjeringsoppnemnde Hagen-utvalet er



[14]

Helse Vest, etter objektive kriterium, underfinansiert med 695 millionar kroner (2003) i høve til dei andre regionale helseføretaka. For til ein viss grad å jamne ut underfinansieringa, har Stortinget vedteke at Helse Vest skal få 215 millionar i løpet av ein femårsperiode, frå 2005 til og med 2009 – det vil seie 43 millionar kroner i året. Underfinansieringa byr på store økonomiske utfordringar for Helse Vest.

Trass i underskota i 2003 og 2002 har Helse Vest RHF og føretaksgruppa framleis ein vesentleg eigenkapital.

Gjennom Helsedepartementet sitt styringsdokument for 2004 er Helse Vest RHF pålagt eit krav om at drifta skal vere i balanse innan utgangen av 2005. Det er lagt ei tilsvarande utfordring på dotterføretaka til Helse Vest RHF. For føretaksgruppa utgjør den samla økonomiske utfordringa om lag 850 millionar ved inngangen til 2004. Det gjenstår framleis krav om ytterlegare tiltak på om lag 466 millionar for å komme i balanse i 2005. Det blir arbeid med ei rekke tiltak for å nå denne målsettinga.

Likviditetssituasjonen har som følge av resultatutviklinga forverra seg gjennom 2003. Det har ikkje vore tatt opp likviditetslån, men dette vil bli nødvendig i løpet av første halvår 2004. Det er tatt opp lån på 466 millionar kroner til finansiering av investeringar, 282 millionar av dette lånet blei tatt opp i 2003.

Styret vurderer eigenkapitalsituasjonen i selskapet per 31. desember 2003 som solid. Helse Vest har difor eit godt fundament for vidare verksemd.

Opningsbalansen

I samband med helsereforma blei tomter, bygningar og utstyr samt tillagde forpliktingar overført til helseregionane. Nettoverdien er bokført

som innskoten annan eigenkapital.

I opningsbalansen er verdien av bygg og utstyr med meir sett til tilbakekjøpsverdi. For bygg og tomter er tilbakekjøpsverdien basert på takstar utarbeidd av uavhengige tekniske miljø hausten 2001. I tilbakekjøpsverdien er det tatt omsyn til slit og elde, teknisk og funksjonell standard etc. Også for andre anleggsmiddel er det rekna med tilbakekjøpsverdi. For overførte anleggsmiddel, der det per 1. januar 2002 var kjent at desse ikkje ville vere i bruk eller berre ville vere i bruk ein avgrensa periode i framtida, er det gjort frådrag i opningsbalansen. Det er også korrigert for faktiske feil i utrekningsgrunnlaget.

Rekneskapa for 2002 blei avlagt basert på førebels kostpris for anleggsmiddel fastsett av Helsedepartementet. Differansen mellom førebels kostpris og tilbakekjøpsverdi, redusert for slit og elde er ført mot eigenkapitalen. Samanlikningstal for 2002 er justert i forhold til endringar i opningsbalansen. Dette inneber blant anna at avskrivningar for 2002 er omarbeidd slik at avskrivningane reflekterer tilbakekjøpsverdi frå 1. januar 2002.

Verdsetjing av anleggsmiddel er omtalt slik i St.prp. nr. 63 (2003-2004) Revidert nasjonalbudsjett:

Det ble i St.prp. nr 1 (2003-2004), jf. Budsjett-innst. S nr. 11 (2003-2004), presentert et opplegg for verdsetting av anleggsmidler og etablering av opningsbalanser i helseføretakene.

I vurderingene av det samlede opplegget for verdsetting av anleggsmidler har størrelsen på det beløp som bevilges til å dekke avskrivninger vært sentral. Ved behandlingen av statsbudsjettet for 2004 ble det vedtatt bevilget 3 mrd. kroner til å dekke avskrivninger. , samtidig som beløpet kan økes til om lag 3,8 mrd kroner gjennom



effektiviseringstiltak. Beløpet på 3 mrd. kroner utgjør om lag 3/4 av beregnede avskrivninger av den beregnede gjenanskaffelseskostnaden av anleggsmidlene som helseforetakene har overtatt. Det vedtatte opplegget innebærer at overgangen til å føre regnskap etter regnskapsloven ikke i seg selv har ført til økte bevilgninger.

Når det gjelder levetidene for anleggsmidlene, er det gjennom St.prp. nr. 1 (2003-2004) varslet at disse er forlenget i forhold til hva som er presentert av bygningstekniske miljøer og at dette vil kreve økte utgifter til vedlikehold.

I forberedelsen til helsereformen har det vært forutsatt regnskapsføring av avskrivninger etter et opplegg som beskrevet over ville være i samsvar med regnskapsloven. Det vises i den forbindelse til Ot.prp. nr. 66 (2000-2001), jf. Inst. O. nr. 118 (2000-2001). I forberedelsen av regnskapsavslutningen for 2003 har Helsedepartementet hatt dialog med revisormiljøene som reviderer de regionale helseforetakenes regnskaper.

Det har blitt varslet fra revisorene at både forholdet knyttet til at ikke alle anleggsmidlene kan gjenanskaffes fullt ut og forholdet knyttet til lengre levetider og de tilknyttede økte vedlikeholdsutgiftene, bør fremstå som underskudd i driftsregnskapet, og at en annen regnskapsføring kan føre til at det på dette punkt kan bli tatt forbehold i revisjonsberetningen til de enkelte helseforetakene. Helsedepartementet har i den forbindelse understreket styrenes selvstendige ansvar for avleggesle av regnskapet og at regnskapene skal avlegges ifølge regnskapsloven og i tråd med god regnskapsskikk. Et eventuelt underskudd som følge av disse forholdene vil ikke påvirke de fastsatte styringsmålene knyttet til ressursbruk og tjenesteproduksjon.

På bakgrunn av de forhold som det her er redegjort for, vil Helsedepartementet, i samarbeid med

Finansdepartementet, vurdere om dette tilsier eventuelle endringer i måten som regnskapsloven skal gjøres gjeldende for de regionale helseforetakene. Det tas sikte på at eventuelle endringer gjøres gjeldende for regnskapsåret 2004. Det vil bli gitt en orientering om status i prosessen til Stortinget i forslaget til statsbudsjett for 2005.

I statsbudsjettet for 2004 er det uttrykt at det ikkje kan forventast at helseføretaka framover vil kunne kjøpe tilbake anleggsmidlar tilsvarande dei verdiar som blei skoten inn per 1. januar 2002. Helsedepartementet har difor bestemt at ein del av innskoten eigenkapital skal tilførast eit strukturfond. Fondet skal nyttast til å dekkje delar av avskrivningar på differansen mellom tilbakekjøpsverdi i opningsbalansen og forventa anleggskapital i framtida. Avskrivningar på opningsbalansen som skuldast at levetida på bygga er sett kortare enn departementet hadde lagt til grunn, blir ikkje dekkja av Strukturfondet. Helseregionane skal målast på resultat før "meiravskrivningar" i forhold til dei utrekningar Helsedepartementet hadde lagt til grunn.

Føretaket sine utsikter

Helseføretaka i regionen har i 2002 og 2003 gått med underskot. Dette skuldast i hovudsak at kostnadene med den etablerte drifta og bygningsmassen har vore høgare enn tilskot og andre inntekter. Det blir arbeidd med planar og tiltak for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammevilkåra. Det er sett krav frå Helsedepartementet om at verksemda skal drivast i tilnærma balanse frå og med 2005. Det er tillate eit underskot tilsvarande overføring frå Strukturfond og "meiravskrivningar" i forhold til dei utrekningane Helsedepartementet hadde lagt til grunn.



[16]

Underskotta viser at helseføretaka ikkje er i stand til å vedlikehalde/oppretthalde verdien av anleggsmidla som blei overtatt, og handlingsfridomen med omsyn til nyinvesteringar er marginal. Konsekvensen av at det ikkje blir overført tilstrekkeleg med midlar til å oppretthalde verdien av anleggsmidla, er at føretaka enten må bygge ned balansen eller effektivisere drifta ytterlegare.

Investering i dotterføretak er i morselskapet bokført etter kostmetoden. Etersom helseføretaka i 2002 og 2003 har gått med underskot og det er uvisse knytt til om, og i kva grad, helseføretaka i nær framtid vil gå med overskot som byggjer opp eigenkapitalen tilsvarande, er Helse Vest RHF si investering i dotterføretaka skrive ned tilsvarande underskot i 2002 og 2003 i dotterføretaka. Nedskrivinga får ingen konsekvensar for konsernrekneskapan.

Eit viktig resultatmål for Helse Vest er minimum å oppnå eit nullresultat innan utgongen av 2005.

Styret har pålagt dotterføretaka vesentlege effektiviseringar i 2004 for å nå dette målet.

Staten garanterer for drift av spesialisthelsetenesta. Styret stadfestar difor at føresetnaden for framtidig drift er tilstades.

Styret presiserer òg at det normalt er vesentleg uvisse knytt til vurderingar av framtidige forhold. Dette på bakgrunn av mellom anna renteutvikling og utvikling i lønns- og pensjonskostnader.

Disponering av årsresultatet

Årsresultatet for føretaksgruppa i Helse Vest blei eit underskot på 872,8 millionar kroner. Av dette er 150,3 millionar kroner ført mot Strukturfondet.

Årsresultatet for Helse Vest RHF blei eit underskot på 1 403,5 millionar kroner. Styret foreslår at underskotet blir ført mot annan innskoten eigenkapital.

Sola, 16. juni 2004


Mai Vik
Styreleiar



Arne Norheim
Nestleiar


Gerd Kjellaug-Berge
Styremedlem


Anni Felde
Styremedlem


Ingunn Finne
Styremedlem


Per Hanasand
Styremedlem


Aslaug Husa
Styremedlem


Jon Lekven
Styremedlem


Øyvind Watne
Styremedlem


Herlof Nilssen
Adm. direktør



“Oppgåvene skal løysast på ein måte som sikrar pasientane trygg, effektiv og likeverdig behandling av høg kvalitet. ”



RESULTATREKNESKAP



Helse Vest RHF		Resultatrekneskap	Helse Vest Konsern		
2002	2003		Note	2003	2002
2 912 332	3 608 150	Aktivitetsbasert inntekt		4 504 416	4 581 838
5 892 946	6 037 246	Tilskot		6 158 501	5 330 077
120	17 437	Andre driftsinntekter		388 340	184 847
8 805 397	9 662 833	Sum driftsinntekter	2	11 051 257	10 096 761
9 077 165	9 521 625	Kjøp av helsetenester		1 386 795	1 086 385
0	14	Varekostnad		1 256 879	1 159 463
14 267	19 571	Lønn og andre personalkostnader	3	7 214 025	6 689 669
846	1 741	Ordinære av- og nedskrivningar	7	930 469	924 840
48 522	72 228	Andre driftskostnader	4	1 174 945	1 152 155
9 140 800	9 615 179	Sum driftskostnader		11 963 113	11 012 511
-335 403	47 653	Driftsresultat		-911 856	-915 750
69 060	10 861	Finansinntekter	5	48 685	84 321
0	1 461 898	Nedskrivning av finansielle egedelar		0	0
45 902	104	Finanskostnader	5	9 380	4 806
-23 158	1 451 141	Netto finanspostar		-39 305	-79 514
-312 246	-1 403 488	Resultat før skatt		-872 551	-836 235
0	0	Skattekostnad	6	295	0
-312 246	-1 403 488	Årsresultat		-872 846	-836 235
		Disponering av årsresultat:			
0	0	Overført Strukturfond			
312 246	1 403 488	Overført innskoten annan egenkapital			
0	0	Overført annan egenkapital			
312 246	1 403 488	Sum disponert			

BALANSE



[20]

Helse Vest RHF		Balanse	Note	Helse Vest Konsern	
31.12.2002	31.12.2003			31.12.2003	31.12.2002
		Immaterielle egedelar			
1 644	6 301	Programvarelisensar	7	71 100	51 481
0	0	Utsett skattefordel	6	239	0
1 644	6 301	Sum immaterielle egedelar		71 339	51 481
		Varige driftsmidlar			
0	0	Tomter, bygningar og anna fast eigeedom	7	10 173 077	10 510 478
0	0	Maskiner og anlegg	7	50 581	44 089
2 787	2 995	Driftsløysøyre, inventar, verktoy	7	1 365 471	1 416 970
0	0	Anlegg under utføring	7	434 974	307 950
2 787	2 995	Sum varige driftsmidlar		12 024 102	12 279 486
		Finansielle anleggsmidlar			
12 017 650	10 555 852	Investering i aksjar og egedelar	8	4 452	461
124	124	EK innskot KLP		132 579	137 197
0	477 313	Langsiktige fordringar på føretak i same konsern		0	0
5	21 253	Andre langsiktige fordringar		21 264	5
12 017 778	11 054 541	Sum finansielle driftsmidlar		158 295	137 663
12 022 210	11 063 837	Sum anleggsmidlar		12 253 736	12 468 630
		Varer for videresal			
